




SELJORD KOMMUNE

Arkivkode: 024
Saksbeh.: Kristian Torp-Hansen
Direkte tel: 35 06 51 03
Vår ref: 06/00333-1
Dato: 28.06.2006

Finansdepartementet
v/ statssekretær Geir Axelsen
Postboks 8008 Dep.
0030 OSLO



Reorganisering av skatteetaten (ROS) - Framtida for etatskontoret i Seljord

Seljord kommune er kjent med at skatteetaten er under omorganisering, og er oppteken av at kommunen skal ha eit skattekontor også i den nye organisasjonen. Vi ønskjer difor å koma med nokre kommentarar og innspel.

Litt historikk:

I 2001 blei skatteetaten omorganisert gjennom OAL-prosjektet. Skattedirektoratets kriterier gjekk m.a. ut på at distriktskontoret for likningsforvaltninga skulle lokalisert til det naturlege sentrum og tyngdepunkt i distriktet der næringslivet var lokalisert. Infrastrukturen innan distriktet og moglegheiten for å oppretthalde gode fagmiljø skulle også bli vektlagt. Alle høyringsinstansar, inkl. Skattedirektoratet og fagforeiningane, gjekk på denne bakgrunn inn for at distriktskontoret for Vest-Telemark skulle bli lagt til Seljord.

Slik blei det ikkje. Politisk leiging, dåverande finansminister Karl Eirik Schjøtt-Pedersen, bestemte at distriktskontoret skulle leggjast til Åmot i Vinje kommune. Seljord blei eit etatskontor.

På spørsmål i Stortingets spørjetime om plasseringa av kontoret i Vest-Telemark svara Schjøtt-Pedersen *"som følge av Seljords betydning som handelssentrum for Vest-Telemark forutsetter jeg at dette etatskontoret vil ha en viktig funksjon i distriktet med muligheter for faglig spesialisering mv."*

Situasjonen i dag:

Seljord kommune er kjent med at likningskontoret i Seljord på bakgrunn av denne uttalelsen, har klart å utvikle seg til senteret for stadleg kontroll i Øvre Telemark. Seljord ligg geografisk midt i sentrum av kontrollområdet som dekker alle kommunane i Midt-, Aust- og Vest-Telemark. Stadleg kontroll er prioritert i ROS samanheng og er ei av få oppgåver som reknast å vere stadavhengig.

Kontoret i Seljord har i dag fem tilsette. Dei har god utdanning innan fagområdet kontroll og har relativt låg gjennomsnittsalder, (eldste tilsette er 52 år). Det er og kjent at fleire tilsette ved nabokontora har ytra ønske om å arbeide ved kontoret i Seljord, men at dette har blitt avslått av leinga på fylkesskattekontoret fordi kontoret er eit etatskontor som ikkje skal tilførast ressursar.

Seljord er meir enn nokon gong handels- og kommunikasjonssenteret i Vest-Telemark. Vi har m.a. eit av landets største festivalområde, det er svære hytteprosjekt under oppføring i områda rundt og handel pr. innbyggjar i kommunen er blant dei største i landet.

Sjølvs om likningskontoret i Seljord, som vist over, synes å oppfylle alle kriteriar for framtidig kontorplassering etter ROS, er Seljord kommune likevel sterkt bekymra for likningskontoret si framtid i den nye organisasjonen.

Likningskontoret i Seljord er definert som eit etatskontor. I ROS- rapporten er det sagt at den nye organisasjonen skal ta utgangspunkt i dei 99 distriktskontora. Etatskontora er det sagt lite om, men vi kjenner til at fleire allereie er lagt ned etter 2001. Mange er svært små, og leiinga ved fylkesskattekontoret i Telemark har uttala at etatskontora neppe har noko framtid.

Dette bekymrar oss!

Vi meiner at det i ROS samanheng må vere fastsette objektive kriteriar som avgjer framtidig kontorplassering og ikkje dagens betegnelse distrikts- eller etatskontor.

Det kan og vere stader der etatskontoret er meir livskraftig og lokalisert til ein stad med betre framtidsutsikter enn der distriktskontoret ligg.

For at høgst levedyktige etatskontor ikkje skal bli nedlagt er det nødvendig med politisk styring slik vi har det nå. I dag er det Finansdepartementet som avgjer om t.d. eit etatskontor skal leggjast ned.


Det må ikkje bli kollegialt kjennskap, namnet på kontoret eller strategisk tenking som avgjer framtidig kontorplassering. Det kan fort bli tilfelle dersom kontorlokaliseringa blir delegert til regionalt etatsnivå der leiinga med stor sansynlegheit vil bli rekruttert frå leiinga på dagens distriktslikningskontor og fylkesskattekontor.


Seljord kommune ber difor om at det må vere politikarane som har den endelege avgjerda ved spørsmål om endra lokalisering av skattekontor i den nye organisasjonen.

Vi håper difor at det også etter innføringa av ROS skal vere eit skattekontor i Seljord som får høve til å oppretthalde og vidareutvikle fagmiljøet innan stadleg kontroll.

Dette vil vere i samsvar med uttala frå tidlegare finansminister Karl Eirik Schøtt-Pedersen i 2001 om at kontoret i Seljord skal ha ein viktig funksjon i distriktet med mogelegheit for fagleg spesialisering.

Med helsing


John Kleivstaul
Ordførar


Halfdan Haugan
varaordførar

Kopi:

Finansminister Kristian Halvorsen Finansdep., Postboks 8008 Dep, 0030 OSLO